



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale - Fråvik manøvreringsreglement - Suldal - senkning vasstand - vedlikehald Hylen kraftverk - Sandsavatn og Suldalslågen i Suldalsvassdraget

Vi viser til dykkar høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Sandsavatn og Suldalsvassdraget i Suldal kommune, jf. høyringsbrev datert 23.04.2025.

Bakgrunn

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 07.04.2025, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Sandsavatn og Suldalslågen for Hylen kraftverk. Dette er naudsynt i samband med vedlikehald av sjaktluker. Prosjektet med vedlikehald er planlagt hausten 2025 og for å halde oppe sikker flaum- og vasshandtering i perioden blir det søkt om å fråvike reglementet for minstevassføring i Suldalslågen og sommarvasstand i Sandsavatn.

Det blir søkt om å senke Sandsavatn til kote 590 i perioden 17.07. – 01.08 for å ta høgd for variasjon i tilsig. Vidare blir det søkt om å fråvike sommarvasstanden i Sandsavatn ved å halde vasstanden på minimum kote 590 i perioden 01.08. – 20.08. For Suldalslågen blir det søkt om å avvike frå pendling i minstevassføring og halde sleppet på minimum 40 m³/s mellom 01.08. – 15.10. og på 35 m³/s 16.10. – 30.10. Det blir også søkt om å utsetje spyleflaumane til perioden 24.10. – 07.11.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren støttar seg til anbefalingar i Norce rapport, datert 02.04.2025, og vurderer at deira anbefalingar må stillast som vilkår dersom NVE gir løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet. Dersom arbeidet vedvarar over tid, bør vannføringa i Suldalslågen auke til 50 m³/s, i tråd med Norce sin tilråding. Dersom det under arbeidsperioden ikkje er tilstrekkeleg vassføring som tilsvarar spyleflaumar, må Statkraft etter vårt syn påleggast slepp av spyleflaumar etter deira arbeidsperiode er ferdig. For å unngå stranding av fisk, er det viktig at Statkraft held seg innanfor krav i manøvreringsreglementet om at vasstanden ikkje skal reduserast med meir enn 6 cm per time.

Når det gjeld senking av Sandsavatnet, må det å unngå blakking av vatnet vere styrande for kor lågt vatnet kan tappast ned, slik at ein unngår at auren blir skadelidande av tiltaket.



Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Suldal kommune

Postboks 130
Eidsvegen 7

4001
4230

Stavanger
Sand